



Møteprotokoll

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 09.03.2021
Møtestad: Kantina på kommunehuset, evt. Teams
Møtetid: 15:00 - 16:15

Saker som skal opp i møtet:

* Oppfølging av sak om leiar for arbeidssenteret

* Møteplan 2021

* Innspel til trafikksikringsplanen, sjå lenke

www.austrheim.kommune.no/aktuelt/nyheiter/oppstart-av-arbeid-med-kommunal-trafikksikringsplan-i-austrheim-kommune---innspel/

* Eventuelt

Frammøtte medlemmer	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utvalseiar
Ivar Bergsvik	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore, Monika Kvamme

Austrheim 17. mars 2021

Odd Sigvald Øksnes
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll
003/21	Meldingar
001/21	Diverse orienteringar
004/21	Møteplan 2021
005/21	Innspel til Trafikksikringsplanen

001/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

09.03.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

RMNF - 001/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

09.03.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

RMNF - 002/21 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

003/21: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

09.03.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming i rådet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

RMNF - 003/21 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering

001/21: Diverse orienteringar

Rådmannen sitt framlegg:

RMF tar orienteringa til vitande.

09.03.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Leiar Odd Sigvald Øksnes orienterte om dialogmøte som ein hadde hatt i samband med etableringa av Helsehuset. Det var etterlyst innspel til bruken, innan tre satsingsområde:

Psykisk helse og rus

Barn og unge

Somatikk

Eldrerådet i Alver har vore og sett på Helsehuset, 8. mars, eldreråd frå andre kommunar kan få komma på omvising seinare. Håpar Helsehuset kan verta eit løft for heile regionen.

Anny Bertelsen etterlyste ferdigstilling av rapporten om habilitering, som Mona Hatlem jobba med. Kommunalsjef Monika Kvamme svara at det står litt att på denne planen, håpar at det snart vert ferdigstilt.

Odd Sigvald Øksnes tok opp tidlegare diskuterte sak om leiar for arbeidssenteret. Kommunalsjef Monika Kvamme orienterte om at det frå 1. mai er på plass ein leiar for arbeid og inkludering, som skal leia Vestlia, alle tiltak og Austrheim arbeidssenter. Det er vernepleiar Britt Silvia Erstad Marøy som er tilsett, kjem frå arbeidssenteret Aufera på Manger.

Det er ikkje sett noko prosent på kor mykje stillinga skal bruka kvar plass. Ser på rollebeskrivelsen no for korleis dette skal vera. Dei som er på arbeidssenteret har ofte med seg tilsette frå der dei bur.

Ser at det er etterspurt eit tilbod av denne typen. Vurderer korleis det vert framover for opningstider.

Odd Sigvald Øksnes ba om at ein ser på innspelet frå RMNF, arbeidssenteret har vore litt laust organisert.

Anny Bertelsen ba om at vedkommande kjem til rådet for å orientera, møtesekretæren inviterer til møtet 1. juni.

Etter spørsmål frå Mette Ekornrød om plassering av arbeidssenteret, sa Monika Kvamme at ein ser på om dagens bygg er for framtida, med tanke på at det manglar universell utforming i bygget. Men transport er ofte ein bøyg, og bygget i dag ligg veldig godt til med tanke på at det ligg sentralt.

Odd Sigvald Øksnes sa at det er eit lokale på Sætre som er bra, men ikkje er universelt tilgjenge. Om dette sa Mette Ekornrød at ho er ugild på dette, men kan seia at det vert sett på om ein kan leggja betre til rette enn i dag.

RMNF - 001/21 VEDTAK:

RMF tar orienteringa til vitande.

004/21: Møteplan 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Møteplan for 2021:

Tysdag 6. april

Tysdag 1. juni

Tysdag 7. september

Torsdag 9. desember

Møta er 15.30 til 17.00.

09.03.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møteplanen for 2021 vart diskutert.

Samrøystes for framlegget til vedtak.

RMNF - 004/21 VEDTAK:

Møteplan for 2021:

Tysdag 6. april

Tysdag 1. juni

Tysdag 7. september

Torsdag 9. desember

Møta er 15.30 til 17.00.

005/21: Innspel til Trafikksikringsplanen

Rådmannen sitt framlegg:

RMNF ønskjer at desse tiltaka vert prioriterte:

1. Gangfelt frå Nordliheimen til Seniorsenteret, og ei betre løysing der fortauet sluttar ved Nordliheimen.
2. Overgangsfelt ved samfunnshuset, der det er lagt opp til kryssing ved at gang/sykkelvegen skiftar side.

09.03.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet såg igjennom tidlegare innspel frå RMNF til arbeidet med trafikksikringsplanen.

Helge Dyrkolbotn sa at ein bør prioritera fortau langs fylkesveg 565 mellom Nordliheimen og Seniorsenteret, på nordsida her manglar det fortau.

Semje frå dei andre i rådet på dette punktet.

Anny Bertelsen tok opp at det bør komma overgangar fleire stader, først ved samfunnshuset, og ved gamle kommunehuset. Etterlyste også fortau frå overgangen ved Nordliheimen og bort til Nordliheimen (stoppar i plenen i dag).

Helge Dyrkolbotn sa at det også bør takast med i planarbeidet som manglar av gangvegar, i prioritert

rekkefølge: Frå Mastrevik nordover til Budalen og vidare til Kilstraumen, strekket Kilstraumen – Fønnes, og Austrheim kyrkje – Førland.

Mette Ekornrød sa at det det er sett opp veglys frå Mastrevik mot brua til Ulvøy, her burde det komme gangfelt også.

Det er også mogleg å komma inn med private innspel, til trafikksikringsplanen. Ivar Bergsvik seier det kjem ønskje om fartsdump ved Bergsvik.

Helge Dyrkolbotn sa at opplæring også må vera ein viktig del av trafikksikringsplanen.

Handsaming i rådet:

Samrøystes for framlegget til vedtak.

RMNF - 005/21 VEDTAK:

RMNF ønskjer at desse tiltaka vert prioriterte:

1. Gangfelt frå Nordliheimen til Seniorsenteret, og ei betre løysing der fortauet sluttar ved Nordliheimen.
 2. Overgangsfelt ved samfunnshuset, der det er lagt opp til kryssing ved at gang/sykkelvegen skiftar side.
-